



Alver Kommune, Plan og byggesak
Kjartan Medaas
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6536 - 22/76892

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
06.10.2022

Løyve til arealoverføring/deling etter jordlova gbnr 196/1 Midtgård

Administrativt vedtak **Saknr: 1109/22**

Eigedom: Gbnr:196 /1

Vedtak :

Alver kommune gjev samtykke til deling av areal/arealoverføring av 499 m2 frå gbnr 196/1 til 196/106 areal som ømsøkt . Vedtaket har heimel i jordlova § 12.

Vedtaket er gjeve på følgjande vilkår:

- det ømsøkte arealet skal arealoverførast til 196/106

Grunngjevinga går fram av saksvurderinga.

Vedtaket vert sendt til plan- og byggesak og inngår i vurdering av søknaden etter plan- og bygningslova.

Saka gjeld søknad om arealoverføring av inntil 499 m² frå gbnr 196/1 til gbnr 196/106. På arealet står det garasje tilhøyrande bnr.106. Garasjen vart lovleg oppført i 1992. Søknaden krev løyve til deling etter jordlova fordi det er areal som skal overførast frå ein landbrukseigedom.

Arealet som er søkt overført er noko større enn det som garasjen står på. Men ut frå kart og ortofoto ser ein at det er bygd parkering/ sнопlass på delar av arealet. Arealet er registrert som bygd i NIBIO sitt gardskart. Eigar av naboeigedomen gbnr 196/2 er ikkje nabovarsla. Det vert sendt ut brev til søkjar om dette parallelt med at saka vert sendt til uttale.

Planstatus/gardskart:


Arealet er uregulert og sett av til LNF formål i kommunedelplan for Lindås. Gbnr 196/106 har status som LNF- spreidd bustad.

I Nibio gardskart er gbnr 196/1 registrert med 16,1 daa fulldyrka, 20,5 daa overflatedyrka, 8,7 daa innmarksbeite, 133,7 daa produktiv skog, 4,1 daa anna markslag og 7 daa bebygd/samferdsel. Sum 190,1 daa. Bruket har fleire teigar og det ømsøkte arealet ligg i skogsteig på austsida av Piparvatnet.

Uttale:

Søknaden er oversendt til landbruksavdelinga for uttale/jordlovshandsaming.

Kart



Frå situasjonsplanen

Ortofoto 2019

Vurdering

Arealet definert som bebyggd/samferdsel i gardskart og det er difor ikkje naudsynt med vurdering av omdisponering etter § 9 i jordlova.

Deling etter jordlova § 12

Saka er vurdert etter jordlova § 12 og rundskriv M-2/2021- Driveplikt, omdisponering og deling frå landbruksdirektoratet.

Det følgjer av jordlova § 12 at «deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet.»

Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon eller takast i bruk slik at jorda ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje gjevast utan at det er gjeve samtykke til omdisponering etter § 9.

I vurderinga av om det skal gjevast samtykke til deling, skal det leggast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova, jf. jordlova § 12 3.ledd.

Garasjen er er lovleg sett opp og tilhøyrrer bnr 106. Den grensar til gbnr 106 og det medfører ikkje noko oppstykking eller ulempe for drift av skogarealet som ligg rundt. Arealbruken er allereie etablert og det vil ikkje redusera arealressursane til bruket fordi det berre skal delast frå 499 m² av eit totalt areal på 190 daa. Kommunedirektøren meiner difor at det kan gjevast delingsløyve etter jordlova.

Konklusjon:

Med bakgrunn i vurderinga) over har kommunedirektøren kome fram til at omsyna bak deling ikkje vert sett til side som følgje av at det løyve til å dele/arealoverføra 499 m² frå gbnr 196/1 til gbnr 196/106.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/6536

Bortfall av løyve

Samtykke til deling fell bort om oppmåling ikkje vert rekvirert innan 3 år etter at delingsvedtaket vart fatta, jf. jordlova § 12 (8). Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtaket er gjort, jf. jordlova § 9 4.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta
Tenesteleiar

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver Kommune, Plan og byggesak
Ingrid Helene Midtgård

Postboks 4
Strandvegen 67b

5906 FREKHAUG
5914 Isdalstø